

Eksamensoppgåver

2NO35-3 og 2NOL51-31 Språk og samfunn (årsstudium i norsk og lektor m/norsk) – 15 stp

Generell informasjon:

Tid og stad: 26.05.2025, 6 timar (kl. 09.00-15.00), Inspera, fysisk på studiestaden (Hamar)

Målform: nynorsk (med mindre ein har søkt om fritak)

Hjelpemiddel: ordliste utan egne notat (ordlista kan bli kontrollert av eksamensvaktene)

Informasjon om oppgåvene:

Du skal svare på tre (3) oppgåver. Vel éi oppgåve (anten 1a eller 1b) frå **del 1**, éi oppgåve (anten 2a eller 2b) frå **del 2**, og éi oppgåve (anten 3a eller 3b) frå **del 3**. Alle oppgåvesvara skal skrivast på nynorsk (med mindre ein har søkt om fritak).

Minst to av oppgåvene må vere beståtte for at eksamen skal vere bestått. Den språklege framstillinga (blant anna rettskrivinga) er ein del av det heilskaplege vurderingsgrunnlaget og må i seg sjølv kunne vurderast som tilfredsstillande, uavhengig av det faglege innhaldet, for at eksamen skal vere bestått.

Oppgåvene er vekta likt, og du har cirka ein og ein halv til to timar per oppgåve.

Del 1 (vel 1a eller 1b)

1a. Sosiolingvistik

Gjer greie for omgrepet dialektnivellering, og reflekter rundt kva som kan vere bakgrunnen for dialektnivellering.

1b. Målførekunnskap

Tekstutdraget nedanfor er frå ein tekst som blei gjennomgått på ei førelesing. Bruk døme (vis til linjetal) og forklar korfor dei ulike målmerka er eigna til å kunne heimfeste språkbrukaren.

1 *Intervjuar: Va lever bygdefolke a?*

2 *Informant: De bli vel mest jolbruk å industri, de. GaLanj e-kje så stor, så det e mang så*
3 *driv syn attåt. De e mykjky sei å måddje, å somm anjnjer fesksortå å få. Da æ va*
4 *jænjtunjinj, fikk æ åftå varra-me på syn.*

4 *Intervjuar: Er de mange skoler her?*

5 *Informant: Nei, de e bære æn vanle grunjskule. Så dæm så vilj ler mæ, må ræs-bort.*
6 *Deffer e de ikkje så mang ondomma på Åttnes no, mæn di flæst kjæm-hæm på ferie. De e*
7 *feræsten æn fin plass å ferier når de e solsånn å finver, mæn de e-kje te å kammå ferbi*
8 *at de e mykjky støkt ver. Æ kanj feræsten ikkje hus-på at de rægna å blas så mykjky før.*
9 *– Mæn de e mang så ikkje vilj lævva når anjnjerstass.*

(Bjørn Vigeland (1995). *Norske dialektar*, s. 55)

Del 2 (vel 2a eller 2b)

2a: Norsk som andrespråk

Gjer ein mellomspråksanalyse av eksempelteksten. Få fram kva eleven meistar og ikkje meistar i andrespråket sitt, på både fonologisk, morfologisk og syntaktisk nivå.

Eksempelteksten er skriven av ei jente i sjuandeklasse som har polsk som fyrstespråk, og som har budd eitt år i Noreg. Teksten er skriven med utgangspunkt i ein kort teikneserie (henta frå *God nok i norsk?* (Alver et al., 2021:211)).

Eksempeltekst:

Et mareritt

Stafan sover i sengen, og han drømme at han er i Afrika og han møte en farlig og sulten tiger. Stefan er veldig redd. Plutselig farlig tiger hopper på Stefan og prøve spise han men på et øyeblikk Stefan våkne opp helt svett og redd, men han ser bare en liten katt som sliket han i ansikte.

2b. Nabospråk

Samanlikn dei fem tekstdøma nedanfor med omsyn til likskapar og ulikskapar som kan gje grunnlag for å klassifisere dei som ulike nordiske språk.

1. *Ragnhildr dróttning dreymdi drauma stóra; hon var spök at viti. Sá var ein draumr hennar, at hon þóttist vera stödd i grasgarði sínum ok taka þorn einn ór serk sér.*
2. *Dronning Ragnhild drøymde store draumar; ho var ei klok kvinne. Ein gong drøymde ho at ho stod i hagen sin og tok ein torn or serken.*
3. *Dronning Ragnhild drømte store drømmer. Hun var en klok kvinne. Engang drømte hun at hun syntes hun sto ute i hagen sin og tok en torn ut av serken.*
4. *Dronning Ragnhild drømte betydningsfulde drømme; hun var vel begavet. En af hendes drømme var sådan, at hun så sig stå i sin have og fjerne en torn fra sin kjole.*
5. *Drottning Ragnhild drömde stora drömmar; hon var en mycket klok kvinna. En av hennes drömmar var denna. Hon tyckte, att hon stod i sin trädgård och tog en törntag ur sin underklädnad.*

Del 3 (vel 3a eller 3b)

3a. Språkhistorie

Ta utgangspunkt i sitatet frå Henrik Wergeland (*Om norsk Sprogreformation*, 1835), set det i sin historiske kontekst, og forklar i hovudtrekk korleis språkhistoria utvikla seg vidare.

Erindres ret, saa var det vor Bjerregaards "Fjeldeventyr", som først gjorde Danskerne opmærksomme paa Udviklingen af et norsk, mere i Ord og Ordrigdom end i Ordbøininger fra det forhen fælledsbrugte forskjelligt, Skriftsprog. Kjøbenhavnerne yttrede sig med sletkunstlet Spot: "nu forstaae vi ikke de norske Forfattere mere."

3b. Språkpolitikk

Drøft nedanståande paragraf frå Lov om norsk språk (språklova).

§ 4. Norsk språk

Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg.

Bokmål og nynorsk er likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet. I offentlege organ er bokmål og nynorsk jamstilte skriftspråk.